



**FESTIDALEN har eit godt omdømme også på landsbasis og er ein av 4 festivalar som er plukka ut til å delta i omdømmeprojektet til Norsk Rockeforbund. Det er igjen ein del av eit større bulystprosjekt og denne veka har forbundet, kommunen, Kvinnherad Næringservice og Festidalen vore saman. Eit sentralt mål er å gjera Kvinnherad til ein endå betre plass å bu. Under samkoma var rockeforbundet raus med rosen til kommunen. -Kvinnherad vil tydelegvis vere med på det som skjer, sa Anders Tangen frå forbundet.**

Linda Øen i kommunen peika under samkoma på at det er viktig å finna ut kor skoen trykkjer hos festivalarrangørane. Samstundes får ein meir kunnskap om kva ein vil med festivalsatsinga.

Kvinnherad Næringservice legg vekt på at deltakinga kan auka rekrutteringa til bedriftene.

Bjørn Olav Tveit frå Festidalen konkluderte med at partane i stor grad har overlappande interesser som vart grundig kartlagt på møtet.

Over sit han til venstre, til høgre er Morten Ysterud og Anders Tangen frå rockeforbundet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen  
NETT: Ola Matti Mathisen